



# INFORMASJONSSKRIV

## FRÅ

### LANDBRUKSKONTORET I KLEPP

Mars 2019



#### **PRODUKSJONSTILSKOT DEL 1**

#### **- HUGS SØKNADSFRIST 15. MARS**

Søknadsfristane vil bli praktisert meir fleksibelt i 2019, og det er difor mogleg å levere søknaden opptil 14 dagar etter søknadsfristen, det vil seie fram til og med 29. mars. Teljedatoen er 1. mars. Vi vil likevel tilrå at du ikkje ventar til siste frist før du sender inn søknad. Vi har erfart at søkjarar som har vore ute i siste liten ikkje har fått levert søknaden innan fristen fordi datautstyret av ein eller annan grunn ikkje har fungert. Send inn søknaden snarast mogleg etter 1. mars, då kan du fram til 29. mars gå inn og gjere endringar, dersom du finn ut at du har ført opp feil.

#### **Enkelt å søkje elektronisk**

Vi vil tilrå at du søker elektronisk, det reduserer risikoen for feil i søknaden. I den elektroniske søknaden finn du søknadsopplysningane frå din førre søknad. Etter at du har fylt ut og kontrollert søknaden, må du hugse på å trykke på knappen "Send søknad". Du vil då motta ei stadfesting på at søknaden er levert i Altinn-innboksen. Dersom du ikkje mottek ei slik kvittering på innsendt søknad i Altinn, må du kontrollere om søknaden faktisk er innsendt. Ta eventuelt kontakt med kommunen for hjelp.

Det er også mogleg å levere søknad på papir. Søknadsskjema på papir blir tilgjengeleg frå 1. mars.

### **Søknaden i mars er for dei som driv med husdyrproduksjon**

Ved del 1 av søknaden, med søknadsfrist 15. mars, kan du søkje om følgjande tilskot:

- tilskot for husdyr (unntatt bifolk)
- tilskot til økologisk husdyrproduksjon

### **Avløysartilskot og tilskot til grovfôrareal**

Du må i del 1 av søknaden også registrere dyr som gir grunnlag for:

- tilskot til avløysing ved feire og fritid
- tilskot for grovfôrareal

Desse to tilskota søkjer du om i del 2 (med søknadsfrist 15. oktober), men du må ha registrert i søknaden del 1 dei dyra du disponerer per 1. mars for at desse skal takast med i tilskotsgrunnlaget for dei to tilskotsordningane.

Ta kontakt med landbrukskontoret dersom du har spørsmål i samband med søknad om produksjonstilskot.

### **AVLØYSARTILSKOT VED SJKDOM OG FØDSEL – SØK ELEKTRONISK VIA ALTINN**

Sjølv om denne ordninga og er blitt elektronisk er det framleis muleg å søkje på papirskjema. Skulle du trengje hjelp til å søkje elektronisk, kan du ta kontakt med rekneskapslaget eller avløysarlaget. Du kan og ta kontakt med Hilde Kristin Honnemyr på landbrukskontoret for å få hjelp med å registrere søknad.

### **SMIL-TILSKOT OG TILSKOT TIL DRENERING**

Søknader om Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), og tilskot til drenering av jordbruksjord skal frå og med 2019 sendast inn digitalt med innlogging via ID-porten/Altinn. Som søkjar kan du finna ein del rettleiing og forklaringar inne i sjølve søknaden. Når søknaden er handsama, får du vedtak i innboksen din i Altinn.

#### **Drenering og kulturminner:**

Drenering er ikkje søknadspliktig i utgangspunktet, men dersom det er registrert kulturminne på eller i umiddelbar

nærleik til det aktuelle arealet, er tiltaket søknadspliktig. Sjølv om du vel å drenere jordbruksareal, utan å søkje om tilskot, har du ansvar for å undersøkje om dreneringa kan kome i konflikt med kulturminner. Mange tenkjer at areal som er dyrka, ikkje vil vere interessant i høve til kulturminner, men dette stemmer ikkje. Dersom det vert gjort skade på kulturminne, er dette eit brot på kulturminneloven og kan få konsekvensar for den ansvarlege. Ta kontakt med landbrukskontoret om du treng hjelp til å finne ut om det er registrert kulturminner på aktuelt areal.



Har du elles spørsmål om søknaden og korleis du skal søkje, så ta kontakt med Elisabeth Vårlid på landbrukskontoret.

### **UTREKNING AV SPREIEAREAL**

Føretak som har og/eller disponerer husdyrgjødsel, må sjølv sikre at husdyrgjødsel i praksis blir nytta som ein ressurs på godkjend spreieareal. Eit spreiearealskjema gir føretaka ei god, skjematisk oversikt over tal gjødseldyreiningar (GDE) målt opp mot disponibelt spreieareal. GDE kalkulator er å finne på fylkesmannen si heimeside <https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Spreiearealskjemaet-er-oppdateret/>

All fulldyrka og overflatedyrka jord er godkjent som spreieareal. Om du ynskjer å spreie på innmarksbeite, må du søkja kommunen om dette – sjå neste sak.

### **INNMARKSBEITE SOM SPREIEAREAL**

Dersom du ynskjer å nytta husdyrgjødsel på innmarksbeite, må dette søkjast om til kommunen. Ta kontakt tidleg i vekstsesongen for å avtale synfaring, om du vil søkje. Etter at kommunen har godkjent

innmarksbeite som spreieareal, vil du få tilsendt vedtak og kart over godkjent spreieareal.



Alt godkjent spreieareal er digitalisert og tilgjengelig på [www.temakartrogaland.no/spreieareal](http://www.temakartrogaland.no/spreieareal)  
Det godkjente spreiearealet skal tas med i beregninga av gjødselplan.

### **REGIONALT MILJØPROGRAM (RMP–TILSKOT) 2019 -2022**

Regionalt miljøprogram er ei tilskotsordning med mål å:

- Redusera forureining til vatn og luft
- Ta vare på kulturlandskap og kulturminne
- Legge til rette for friluftsliv
- Ta vare på biologisk mangfald

Regionalt miljøprogram, RMP gir oversikt over kva slags regionale miljøtilskot bøndene kan søkje på i Rogaland. Ny programperiode er 2019 – 2022. Det er ein del endringar i vilkåra til eksisterande tiltak, det kjem nokre nye tiltak og nokre tiltak går ut i 2019 samanlikna med 2018. **Her er nokre av endringane som det er verdt å merkje seg no før vekstsesong:**

#### ***Vedlikehald av turstiar i***

***jordbrukslandskapet:*** Det kan gis tilskot for vedlikehald og merking av turstiar for den delen av stien som går over jordbruksareal. Turstien skal vere open for allmenn ferdsel, og vere ein del av eit samanhengande tursti-nettverk merka av på offentleg tilgjengeleg turkart.

#### ***Tilskot til miljøvennleg spreieing, Nedfelling eller nedlegging av husdyrgjødsel:***

Ordninga held fram uendra. Det kan gis tilskot for spreieing av husdyrgjødsel og biorest ved nedfelling eller nedlegging.

Førebels sats kr 80/daa. Ved bruk av tilføringssslange, kan ein i tillegg få kr 50/daa. Siste frist for spreieing er 10. august.



#### ***Kantsone i eng***

Ei 4 meter brei ugjødsla kantsone i eng gjev grunnlag for tilskot gjennom RMP. Førebels sats er kr 7 pr meter. Ei slik kantsone er særst nyttig for å unngå avrenning av næringsstoff til vassdrag. Køyreveg på dyrka areal er ikkje å sjå på som randsone i denne samanhengen. Den støtta som blir gitt gjennom RMP-ordninga for ugjødsla randsone, dekkjer godt opp for den avlingsreduksjonen ein får på arealet.

#### ***Soner for pollinerande insekt***

Det kan gis tilskot for å så og skjømte soner med pollinatorvenlege plantearter på jordbruksareal. Sonene må vere attraktive for ville pollinatorar gjennom vekstsesongen. Arealet det blir gitt tilskot til, skal ikkje vera gjødsla eller sprøyta med plantevernmidlar.





Tilskotet blir fastsett per meter og førebels sats er kr 40 pr meter. Dersom du er interessert i å leggje til rette for pollinerande insekt no i år, må du ta kontakt med kommunen før vekstsesongen for å høyra meir om vilkåra til tilskotet.

#### Desse tilskotsordningane går ut:

- Tilskot til rask nedmolding er fjerna.
- Tilskot til vedlikehald av fangdammar blir flytta til SMIL.

Du finn meir info om RMP- tilskot og andre miljøtiltak etter kvart, på

<https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/>

#### TIDLEGPENSJON

Frå og med 2019 skal ikkje søknad om tidlempensjon for jordbrukarar lenger leverast til kommunen, men sendast direkte til Fylkesmannen i Rogaland med nødvendig dokumentasjon. Kommunen har ikkje lenger ei formell rolle i saksbehandlninga.

Frå og med februar 2019 blir tidlempensjon utbetalt kvar månad, og ikkje lenger kvartalsvis. Tidlempensjonistane vil få elektroniske meldingar om utbetaling. Alle som har eller får tidlempensjon i 2019 vil få utbetalt same beløp kvar månad, basert på 100 000 kroner årleg til einbrukarar (når det er berre ein person som søker pensjon på grunnlag av gardsdrifta), og 160 000 kroner årleg til par som er tobrukarar (Når det er to personar, ektefelle eller samboar, som søker pensjon). Ektefelle/samboar kan ikkje lenger velje forlengta utbetalingstid.

Frå 2019 blir det utbetalt tidlempensjon sjølv om ein også får uføretrygd, arbeidsavklaringspengar, gjenlevandepensjon, dagpengar eller avtalefesta pensjon.

Lenke til informasjon på

Landbruksdirektoratet sine sider:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/pr-duksjon-og-marked/velferdsordninger/tidligpensjon>

#### GJERDEKLYVAR/HUNDEPORT

No er våren her og dyra skal på beite, dermed må vi og tenke på gjerdeklyvarane og hundeportane og den rolle dei spelar. Mange gjerdeklyvarar er også på tide å

skifte ut. Dei blir tært av tidas tann og kan være rotne og farlege for folk å ferdast over. Vi vil oppmode til å skifte ut ved behov. Dersom det er behov for gjerdeklyvar eller hundeport, kan landbrukskontoret kontaktast.

Framgangsmåten er slik at ein søker om tal gjerdeklyvarar eller hundeport på eige skjema, der ein legg ved kart og leverer søknaden til kommunen. Kommunen stadfestar behovet og Fylkesmannen i Rogaland sender ut tildelingsbrev, med kopi til Sandnes proservice, der gjerdeklyvarane og hundeportane kan hentast. Gjerdeklyvarar og hundeport er gratis. Ein kan få slagord frest inn i trinna (sjå bilete)!



#### AVLINGSSVIKT

Klepp kommune fekk inn 43 søknader om erstatning for avlingssvikt etter turkesommaren 2018. Det vart totalt utbetalt i overkant av 8 millionar kroner. Me håpar på ein framifrå sommar i 2019!

#### INNOVASJON NORGE

I Klepp er det innan tradisjonelt husdyrhald i utgangspunktet bare lausdriftsfjøs for mjølkeproduksjon som gir grunnlag for investeringsstøtte frå Innovasjon Norge. Tiltak knytt til t.d. sau og kjøttproduksjon på storfe og vil likevel kunna støttast ved generasjonsskifte der søker er under 35 år. Ved generasjonsskiftesøknader må maks

godkjende kostnader for tiltaket ikkje vera over 1,5 million.

Vidare er det dette året ei særskilt ordning med støtte til omlegging frå miljøbur til lausdrift i eggproduksjonen.

BU-midlar kan og gjevast til:

- utviding av gjødsellagerkapasitet (opp til min 10 mnd)
- lager for potet og grønsaker
- satsing på frukt og bær dyrking
- siloanlegg for å redusere plastbruk
- tilleggsnæringar knytt til mat, reiseliv, Inn på tunet m.v..

Ta kontakt med kommunen ved Bjørn Svela, eller Innovasjon Norge sitt kontor i Stavanger for meir informasjon og rettleiing. Rekneskapskontor har og ofte god kompetanse kring Innovasjon Norge sine tilskotsordningar og vil kunna hjelpa med rettleiing og søknader.

[www.innovasjonnorge.no](http://www.innovasjonnorge.no)



#### FRIVILLIGE TILTAK I LANDBRUKET

Etter fleire års godt virke, slutta Olav Husveg og Olaf Gjedrem av ved årsskiftet. To nye medarbeidarar er tilsett i prosjektet: Anne Marie Lerang, som skal ha kontor plass i Klepp kommune og Per M. Bjorland, som skal ha kontor plass i Hå kommune.

#### KLIMA- OG MILJØPLAN

Kommunen arbeider med revisjon av klima- og miljøplan. Planforslaget blir lagt fram for formannskapet i april. Deretter blir det ein høyringsperiode fram mot sommaren.

#### BRUKSENDRING AV LANDBRUKSBYGG

Somme tider ser ein at landbruksbygg vert teke i bruk til anna enn landbruksføremål, til dømes selskapslokale, verkstad, lager m.m. Me minner om at dette er søknadsploktig. Ta kontakt med kommunen om du har spørsmål.

#### OMDISPONERING AV JORDBRUKSAREAL

I 2018 blei det omdisponert lite jordbruksjord i Klepp, 3,24 daa jordbruksjord til landbruksveggar og liknande og 16,5 daa til gang- og sykkelveg frå Orre til grense Hå. I desse tala er ikkje internforbruket til driftsbygningar, reiskapshus og gjødsekum tatt med. Det vart til gjengjeld godkjent nydyrking av 55,2 daa.

#### ELEKTRONISK INFORMASJON

Kommunen sender nå ut informasjonsskrivet elektronisk til alle dei vi har registrert e-post adresse til. Det kan og kome anna informasjon elektronisk som e-post eller som SMS. Dersom det er bønder som du høyrer ikkje har mottatt dette informasjonsskrivet eller annan informasjon frå kommunen, kan dei oppfordrast til å formidle sin e-postadresse og mobilnr til kommunen og Hilde Kristin Honnemyr [hkh@klepp.kommune.no](mailto:hkh@klepp.kommune.no)

Me på  
landbrukskontoret vil  
ønska alle bøndene i  
Klepp ein fine vår!